



Arkivnr: 2015/7006-2
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		01.10.2015

Høyring av forslag til plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016-2021

Samandrag

Planen gir ei nyttig oversikt over forsuringa i Noreg og tankegangen bak prioriteringa av kalkingsprosjekt.

Høyringsutgåva har fleire feil som bør rettast opp i endeleg plan.

Forslag til vedtak

1. Oppstarta kalkingsprosjektet i Modalselva utegløymt i høyringsutgåva av kalkingsplanen. Kalking av Modalselva er viktig for å bringe laksen tilbake i vassdraget.
2. Eksisterande kalking i Yndesdalsvassdraget i Masfjorden er feilplassert i Sogn og Fjordane i figur på side 18 i høyringsutgåva. Sjølve kalkinga skjer her i Ostavatn i Masfjorden kommune i Hordaland
3. Budalselva i Modalsvassdraget bør inn i planen som optimaliseringsprosjekt.
4. Hordaland fylkeskommune sluttar seg elles til planen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:


1. Framlegg til plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016-2021.

Fylkesrådmannen, 30.07.2015

Miljødirektoratet har sendt plan for kalking av vassdrag i Norges 2016-2021 på høyring.


Forsuring er eit stort miljøproblem i Hordaland. Det skuldast i all hovudsak langtransportert forureining. Det vert arbeida vidare med problemet gjennom internasjonale fora, og ved å kalke utvalde lokalitetar. I nokre av desse vassførekomstane er det foreslått tiltak i form av kalking.

Som eit resultat av internasjonale reduksjonar i utslepp har nedfallet av forsurande sulfat blitt stadig mindre i Norge, mens nedfallet av nitrogen ikkje har blitt redusert på same vis. I perioden 1978–1982 reknar ein med at 29 % av arealet i Noreg hadde ei avsetning av svovel og nitrogen som overskreid tolegrensa for forsuring av overflatevatn. I dag reknar ein med at i underkant av 8 % av arealet i Noreg har ei avsetning av svovel og nitrogen som overskrid tolegrensa for forsuring av overflatevatn. I 2020 er tilsvarande areal venta å vere om lag 5 %.



Figur 1 I Hordaland er områda skrinne fjellområda, harde bergartar med lite kalk og myrområde ved kysten mest utsett for låg pH. Få områda har stabil låg pH i Hordaland. Kartet er utarbeida av Rådgivende Biologer AS.

Kalkinga i Norge er styrt av Miljødirektoratet gjennom nasjonale kalkingsplanar. I 2015 er det planen å nytte 86 millionar kroner til kalkinga i Norge. Det er Fylkesmannen i Hordaland som forvaltar midlane til kalking i Hordaland. Fiskarlag, grunneigarlag, og kommunar kan søkje om midlar til kalking. I 2014 er det dei anadrome vassdraga Frøysetvassdraget, Ekso og Uskedalselva som vert kalka. Innsjøkalking er no avslutta i Hordaland, men så seint som i 2012 blei 20 innsjøar kalka. I tiltaksprogrammet er det planlagt ei ny kalking, Modalsvassdraget. Ein har nå underteikna kontrakt for bygginga av denne doseraren. Oppstart av kalkinga skjer i første kvartal av 2016.



Figur 2 Utrekna overskridingar av tolegrense for forsurening i overflatevatn i ulike tidsperiodar. Utviklinga er positiv for livet i vassdraga.

Fylkesrådmannens vurdering:

Planen gir ei nyttig oversikt over forsureninga i Noreg. Tankegangen bak prioriteringa av kalkingsprosjekt ser fornuftig ut.

Høyringsutgåva har fleire feil som bør rettast opp i endeleg plan.

- I figur 10 på side 18 i høyringsdokumentet er kalkinga i Yndesdalsvassdraget i Masfjorden plassert i Sogn og Fjordane. Sjølve kalkinga skjer her i Ostavatn i Masfjorden kommune i Hordaland, like sør for fylkesgrensa.
- I same figuren er det oppstarta kalkingsprosjektet i Modalselva utegløymt. Kalking av Modalselva er viktig for å bringe laksen tilbake i vassdraget.
- Fylkesmannen har tidlegere spilt inn ønskje om at Budalselva i Modalsvassdraget skal med i planen som optimaliseringsprosjekt. Fylkesrådmannen støtter dette.